

JORDØYDING*).

Det er uhugleg både å høyra om og sjå på all jordøydinga i dette jordfattige landet. Nordetter ytrebygdene på Vestlandet har det i langsameleg tid gått for seg ei øyding og avskraping av jord som ein på ei vis kan tilgjeva. Når dei verkelege torvmyrane tok slut hadde ikkje folk noko anna å ta til, enn å skrapa lyngjorda av fjellet til brensle. Skog var det lite av og folk hadde lite råd til å kjøpa. Dette gjeld då udyrka jord.

Dei store kraftverka har også mange stader øydt udyrka jord i fjellet med oppdemningane der det galdt å samla og føra vatsleidene saman. Mange stader vert store beite- og stølsgrender øydelagt og det kan spørjast om det alltid vert gjeve nok erstatning for dette.

Det militære og samferdsla krev store mengder jord, og dei er sandeleg ikkje alltid så nøgje på det. Tenk berre på det som vert teke av flyplassar, ekserserplassar, vegar og jarnvegar. Det vert nok betalt for jorda, men jorda har ein misst, og det er farleg å øyda for mykje burt av ho. Me treng så vel alt. Dessutan er det vondt å tenkja på, at alt slitet og kostnaden ein har hatt med nydyrking så å seia skal verta tilinkjesgjort med nokre pennastrok.

Dessverre har også idrotten vore svært likt hendt mange stader med dette. Det har helst stade om å flå flate, fine, dyrka jorder til idrottsplasser. Men her torer Rogaland, stort set, vera eit unntak. I alle høve på Jæren har idrottslag mykje halde seg til udyrka jord og ofra både tid, arbeid og pengar, så dei skal det så visst ikkje seiast eit vondt ord om.

Verst av alt er det når bykommunane herjar og eksproprierar heile grender av ofte noko av den beste dyrka jorda me har. Stundom vert då denne jorda bortleigd etterpå og forsvarleg driven, men ofte ligg ho brakk som uhorvelege ugrasbøle til skade og inga nytte.

Serleg mot dette siste må det setjast skarpe fyresegner og all dyrka jord som vert teken burde plikta til oppdyrking av tilsvarende jordvidd andre stader i heradet. Dette må sjølvstakt gjelda all dyrka jord som vert lagt øyde, anten det så er stat, kommuner eller private og halvprivate som øyder dyrka jord.

Det er ikkje nok med «erstatning» til eigaren av jorda — det er samfunns- eller mykje rettare: folkeinteressen det her gjeld og ny ferdigdyrka jord må koma i staden for det øydde.

Få har dess verre auga for dette — enno, og minst av alle byfolk. Det er på tida me tek til å tenkja oss om — og handla til fremjing av folkebatan.

*) Etter «Bondevennen», Stavanger (nr. 24, 1951).